



Foto: Synnøve S. Bjørset

HÅKON HØGEMO

f. 1965, Årdal i Sogn

Håkon er meisterspelemann på hardingfele, og held jostedølen Sjur Hesjevoll som ei av sine største inspirasjonskjelder. Håkon er til dagleg busett på Osterøy, og han arbeider som frilansar, kulturskulelærer og høgskulelærer i folkemusikk.

Håkon har gjeve ut og medverka på ei lang rekkje plater. I 2000 fekk han Spellemannprisen for albumet *Solo*, og i 2005 for albumet *Gamalt-Nymalt* saman med Sigrid Moldestad og Einar Mjøltnes.